



Fylkesmannen i Hordaland v/Tor Turøy  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.: 18/896

Vår dato: 02.05.2018

Sakshandsamar: Mari Pleym // rådgjevar

## Spørsmål om sosialstønad til buutgifter

Det blir vist til brevet frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 14.03.18.

De har spørsmål knytt til tidlegare svar om buutgifter.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vil først peike på at svar frå oss må lesast i samanheng med det som elles kjem fram i rundskrivet til sosialtenestelova. Vidare at setningar i brev heller ikkje kan stå aleine eller utanfor den kontekst som elles kjem fram.

I avsnittet om ein kan sjå bort frå husleiga som er fastsett i leigekontrakten, slår vi fast eit klart juridisk utgangspunkt om at alle står fritt til å inngå dei avtalar ein vil, til dømes husleigekontraktar. Slike avtalar er bindande for partane. NAV kan ikkje sjå vekk frå det som er fastsett i ein kontrakt eller kjenne han ugyldig. Det NAV kan vurdere er kva for støtte ein tenestemottakar har krav på etter sosialtenestelova. Og i samband med, om det er søkt om buutgifter eller anna, gjeld det subsidiære prinsippet. Det ein tenestemottakar har krav på, er å få dekt utgifter på eit rimelig og nøkternt nivå.

Under vil vi svare på problemstillingar de tar opp:

1. Kan NAV sjå heilt bort frå husleiga dersom leigenivået er høgare enn eit rimeleg og nøkternt nivå, utan å gå vegen om å setje vilkår om å redusere buutgiftene?

NAV-kontoret kan ikkje sjå bort frå dei utgiftene ein tenestemottakar har når han eller ho kjem til NAV-kontoret med ein søknad, til dømes om buutgifter. Det subsidiære prinsippet seier likevel at ein skal søkje alle moglegheiter til å klare seg sjølv og derfor kan NAV-kontoret krevje at tenestemottakar reduserer buutgiftene om disse ligg på eit nivå vedkommande ikkje klarer å betene (og som ikkje er rimeleg og nøkternt nivå sett til utleigepriser elles i kommunen).

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERDSDIREKTORATET // ARBEIDS- OG TJENESTEAVDELINGEN**

Postadresse: Postboks 5 St. Olavs plass // 0130 Oslo

E-post: [arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no](mailto:arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no)

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

2. Har det i tilfelle betydning om sosialhjelpssøkjaren nett har flytta inn i husværet, sett i høve til om vedkomande har hatt denne husleiga over tid og klart å betale?

Nei, i utgangspunktet ikkje. Men om søkjar har klart å betale over tid, får NAV-kontoret vurdere om det er eit reint kortvarig behov for buutgifter og vurdere om det er grunnlag for å innvilge kortvarig hjelp. Viss ikkje, må NAV-kontoret stille vilkår om at utgiftene skal reduserast.

3. Dersom NAV må gå vegen om å setje vilkår om at vedkomande må redusere buutgiftene, må då NAV rekne heile husleiga som utgift ved utmåling av sosialstønad i områings-perioden, eller kan NAV redusere stønad til husleige på eit rimeleg og nøkternt nivå?

NAV må i dei fleste tilfelle leggje til grunn dei utgiftene tenestemottakar har i områings-perioden. Det vil bare vere for dei svært få tilfella der buutgiftene skulle liggje på eit særskilt høgt nivå at NAV-kontoret kan gjere ei skjønnsmessig vurdering om å redusere stønaden.

4. Vi legg til grunn at NAV kan redusere stønaden til husleige dersom ein sosialhjelpsmottakar ikkje oppfyller vilkår om å redusere buutgiftene, men kan NAV i eit slikt tilfelle avslå stønad til husleige heilt? Eller må NAV i eit slikt tilfelle gi stønad til husleige på eit rimeleg og nøkternt nivå, altså til ein del av husleiga?

Det kjem an på ei konkret vurdering av kva som er riktig i det einkilde tilfellet. Det er viktig å tenkje på at hjelpa er subsidær, samstundes skal sosialtenesta hindre sosiale problem og ein må ta omsyn til forhold som at ein tenestemottakar kan skaffe seg gjeld.

Med helsing

Tormod Moland  
seksjonssjef  
Forebygging- og deltakelseskontoret

Mari Pleym  
rådgjevar  
Forebygging- og deltakelseskontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

